

**SAK 40/18 SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKTET «DIGITALISERING AV OLAV SLETTOARKIVET», FORMIDLING AV DIGITALISERT MATERIALE**

**Saksopplysning**

I søknad dat. 27.mai 2018 søker Olav Sletto-selskapet om støtte til fase II i prosjekt ”Digitalisering av Olav Sletto-arkivet” – formidling av digitaliserte materiale, på kr. 15.000.

Vedlagt søknad gjev eit godt oversyn over det abeidet som er gjort og kva som er planlagt framover. Det blir søkt om støtte til formidling av digitalisert materiale, der det også er søkt alle kommunane i Hallingdal om støtte.

**Vurdering**

I utgangspunktet har ikkje Regionrådet for Hallingdal lenger midlar til denne type tiltak. Midlar til Regionrådet blir tilført frå kommunane og har allereie har ei prioritering. Regionrådet for Hallingdal har ved fleire høve drøfta tilskot til ulike digitaliseringsprosjekt, t.d. bygdearkiv utan at det er gjeve tilskot.

Temaet og denne type tiltak er utan tvil viktige. Kanskje burde Hallingdal tenkje eit felles prosjekt/tiltak knytt til formidling av immateriell kulturarv i Hallingdal?

**Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Olav Sletto-selskapet om støtte til formidling av digitaliserte materiale.
2. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til ei vurdering av eit felles prosjekt/tiltak knytt til formidling av immateriell kulturarv i Hallingdal.

Hallingdal, 24.8.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad om støtte til fase II i prosjektet «Digitalisering av Olav Slettoarkivet» – formidling av digitalisert materiale, dat. 27.5.2019



Regionrådet Hallingdal  
v/ Knut Arne Gurigard  
[kag@hallingdal.no](mailto:kag@hallingdal.no)

Tønsberg, 27. mai 2018.

### **Søknad om støtte til fase II i prosjektet «Digitalisering av Olav Sletto-arkivet» – formidling av digitalisert materiale.**

Olav Sletto-selskapet søker med dette om støtte til fase II i prosjekt ”Digitalisering av Olav Sletto-arkivet” – formidling av digitaliserte materiale (frå fase I) på

**kr. 15 000.**

Vedlagt  
-Prosjektbeskrivelse (fase I og fase II – formidling)  
-Budsjett 2018

Årsmelding 2017, årsrekneskap 2017 og årshefte 2018 er publisert på  
[www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)  
Om ynskjeleg kan meir dokumentasjon skaffast.

Vi vonar Regionrådet i Hallingdal vil opne for støtte til Olav Sletto-selskapet si store satsing på transkribering av Sletto-arkivet i fase I, med støtte også til fase II – formidling - i digitaliseringsprosjektet. Olav Sletto er Hallingdals einaste store forfattar, og vi meiner Regionrådet i Hallingdal bør vurdere ei støtte til dette prosjektet som del av sitt regionale samfunnsansvar, herunder ansvar for den immaterielle kulturarven i dalen. Den blir meir og meir viktig – som kulturprodukt og næringsgrunnlag innan t.d. turistnæringa.

Med von om positiv handsaming, ber vi om overføring til Olav Sletto-selskapet, konto 2333 22 62998. Merk Prosjektstøtte 2018.

Besthels  
Eva Almhjell (s)  
Styreleiar  
Olav Sletto-selskapet  
[www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

VEDLEGG: PROSJEKTBEKRIVELSE



**Prosjekt "Digitalisering av Sletto-arkivet" – fase II – formidling.  
Forskningsprosjekt.**

Av Eva Almhjell, styreleiar, Olav Sletto-selskapet.  
Mai 2018

Nedanfor gjer vi greie for bakgrunnen for prosjektet, arbeidet i fase I (transkribering), og det vidare arbeidet framover – fase II (formidlinga av det transkriberte stoffet).

**Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet" – fase I**

Prosjektet vart sett i gang hausten 2016. Det er forankra i Olav Sletto-selskapet sine vedtekter, i årsmøtet 2017 og 2018, samt i skriftleg avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet (underteikna 19.6.2016).

Vi reknar med at fase I - transkriberingar, skanningar og lagring på server i Hol bygdearkiv - er nær på avslutta i løpet av 2018. Olav Sletto-selskapet har til no brukt om lag halvtanna årsverk på prosjektet – anslagsvis over 1 million kr. i frivillig, gratis innsats. Fleire hundre brev = tusenvis av papirsider, er skrivne av og skanna. Delar av Olav Slettos brevveksling er unikt, uhyre spennande, interessant og innsiktsgivande stoff. Saman med det transkriberte, skanna og lagra stoffet, har vi levert tre rapportar om arbeidet til Hol kommune i 2017. Desse er publiserte på vår nettside [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) Det er viktig at denne prosessen blir dokumentert – frå begge sider. Vi etterlyser skriftleg respons frå Hol kommune.

**Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet" – fase II – forskning og kunst**

Etter dette er vi over i fase II. Det handlar om *formidling* av det transkriberte materialet. Det kan gjerast på fleire måtar og må tilpassast dei vi ynskjer å nå. Olav Sletto-selskapets vedtekter gir nokre føringar:

**§ 2. FØREMÅL.**

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Slettos liv og diktning. Dette kan gjerast m.a. ved:

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta  
*OSS viser til at bøkene er til låns i biblioteka og at ei av Per-bøkene, «Per Stavlang», er redigert og lagt til rette for bruk i Den kulturelle skulesekken»*
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket  
*OSS svarar opp med boka «Per Gjetar» som er tatt i bruk i skuleverket i Hol og Ål.*
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta  
*OSS svarar opp med ikkje berre å ta vare på det som er, men ynskjer innlesing av i fyrste omgang alle fire Per-bøkene (sjå 2018-søknad)*
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnarens liv og dikting  
*OSS svarar opp med brevartiklar og anna skriftleg materiale frå Olav Slettos liv og dikting (historiske årbøker, våre eigne årshefter, Dølaminne, Under Hallingskarvet o.fl.) basert på brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto og litterært stoff.*
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.  
*OSS svarar opp med Olav Sletto-dagen – eit årleg arrangement sidan 2016, der ny forskning, nylesing av Olav Sletto m.v. blir presentert. Vi ynskjer dramatisering og kunstnarleg framstilling av Slettos brev og dikting i 2018 og framover (sjå 2018-søknad).*
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek  
*OSS svarar opp med å gå til innkjøp av Sletto-bøker i antikvariat. Bøkene er utselde i alle bokhandlarar. Derfor har vi ein eigen bokkonto i søknaden 2018. På sikt ynskjer vi å ta initiativ for å få dei mest sentrale verka til Sletto utgitt på nytt.*
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.  
*OSS svarar opp med sitt store og omfattande digitaliseringsprosjekt.*

Det er særleg det siste punktet vi har konsentrert vår merksemd om sidan 2016, og som er mest «akutt» i inneverande og kanskje neste år. Det er liten vits i å ha alt lagra på sikker plass i Hol bygdearkiv om ein ikkje også sørger for at det blir formidla vidare – med kompetent rettleiing. I arbeidsdelinga mellom arkiveigar Hol kommune og Olav Sletto-selskapet, er det selskapet som *forvaltar* arkivet – i samsvar med det som er nemnd over. Formidlinga av dette stoffet høyrer mao. til vårt forvaltningsansvar.

### **Å gjera Olav Sletto sitt liv og dikting til eit spennande forskningsobjekt**

Olav Sletto-selskapet ynskjer altså å gjera Olav Sletto sitt liv og dikting til eit interessant og spennande objekt for forskarar spesielt og for den litterært interesserte ålmenta generelt. Olav Sletto er den einaste forfattar Hol og Hallingdal har fostra av verkeleg nasjonalt format! Han er ein klassikar. Han høyrer til den absolutte immaterielle kulturarven i Hol og Hallingdal – og nasjonalt. Diverre er han altfor godt gøymd! Det er det Olav Sletto-selskapet si oppgave å gjera noko med, jfr. Vedtektene over og publisert på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)) Men vi treng drahjelp!

Fase II – formidling. Med brevartiklar frå Slettos taleferder på nett  
Olav Slett gjorde 70 taleferder i åra 1910-1917. Brev mellom han og kona, Karin f. Bryde, er innsiktsgivande for forståing av hans liv, samliv og dikting. Vi er i gang med elektronisk publisering av transkriberte materiale frå taleferdene. Det kjem ein artikkelserie på desse nettstadene: [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) og [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no) Fyrste artikkel er alt publisert. Fleire kjem i juni 2018.

**Publisering – oppdatering av nettstaden - profesjonell hjelp naudsynt**

Ein annan måte å publisere på er skriftleg, i bokform. Det er eit langt lerret å bleike, minst tre år, og det er dyrt. Men ein del av vår visjon. Den billigaste og mest hensiktsmessige måten å nå sitt publikum på i fyrste omgang, er å nytte moderne medier. Olav Sletto-selskapet har, som kjent, ein nettstad. Den nyttar vi, som nemnt, til kortare presentasjonar. Sida er, slik den no er utforma, ein blogg med begrensa kapasitet. Vi ynskjer å nytte denne heimesida til publisering av alt transkribert stoff frå Sletto-arkivet, men då trengs eit stort lyft, slik at form og innhald høver til kvarandre, dvs. det må vera plass og søkeredskapar som gjer sida visuelt og innholdsmessig attraktiv, og lett finne og bruke. Til det treng vi profesjonell hjelp. Den får vi hjå det firmaet som har designa den heimesida vi no har, og som kjenner det selskapet driv med godt - FÆRD i Tønsberg (sjå vedlegg I).

**Nasjonalbiblioteket bidreg – når arkivmaterialet frå Sletto-arkivet er publisert**  
I [www.bokhylla.no](http://www.bokhylla.no) har Nasjonalbiblioteket (NB) lagt ut alle bøkene til og om Olav Sletto. Vi har vore i kontakt med Nasjonalbiblioteket for å få drahjelp med formidlinga av Sletto-arkivet. NB ser på Olav Sletto som ein nasjonal forfattar og er gjerne med å formidle, men det kan dei fyrst gjera når (alt) digitalisert arkivstoff er publisert, t.d. på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no). Då kan NB koble seg opp til vår nettstad. Det vil vera ei utruleg god hjelp i formidlingsarbeidet.

### **Målgrupper**

I vedtektene heiter det at Olav Sletto-selskapet skal legge til rette for bruk av Slettos litteratur i forskning og undervisning. Etter dette ynskjer vi, som ment, primært å nå forskarar, studentar, og seriøse journalistar (del I i budsjettet). Vi vil også nå ut til ålmenta, både i Hallingdal og nasjonalt. Det er det bok- og kunstprosjekta handlar om.

### **Kostnader**

Sjå vedlagte budsjett, der vi primært søker midler til å få fullført digitaliseringsprosjektet med publisering på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no).

**OLAV SLETTO-SELSKAPET - BUDSJETT 2018**

| <b>Formidling I – forskning 2018.<br/>Fagansvarleg: Eva Almhjell</b> |   |                         |  |
|--|---|-------------------------|--|
| <b>Inntekter – faktiske (f) og stipulerte (s)</b>                    | <b>Prosjekt<br/>Utgifter – faktiske (f) og stipulerte (s)</b>   | <b>Sum</b>              | <b>Merknad/ansvar</b>  |
|  | <b>Digitaliserings-prosjekt 2018:</b><br>1. Digitalisering av OS-arkivet.<br>2. Tilpassing av <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a> med søkereidskapar mv. | <b>Kr. 80 000 (ca.)</b> | Tilbod frå Færd, sjå vedlegg.<br>Full pakke er viktig for å gjera data søkbar på nettet for forskarar og andre interesserte.<br>Jf. OSS/Hol komm.-avtale av 19.6.2016.   |
|  | <b>Innkjøp av Olav Sletto-bøker - antikvariat</b>   | Kr. 10 000              | Slettos bøker er utselde og fins berre i antikvariat. Bøkene hans trengs som gaverbøker og arbeidsredskap for forskarar o.a. i den fase II av digitaliserings-prosjektet.  |
|  | <b>Bokprosjekt – 2019-2022 - eitt årsverk</b>   | Kr. 500 000             | Eva Almhjell skriv brevartiklar til historiske tidskrift som eit tilbod frå OSS til lokale historielag, der Olav Sletto var på taleferd for 100 år sidan. Døme: Sjå OSS Årshefte 2018 frå Slettos taleferd i Hallingdal 1915. Tanken er å samle desse og utvide stoffet for å få fram heilskapen i Olav Slettos liv og diktning. Fleire detaljar, om det er ønska, kan givast. |
|  |   |                         |  |

| <b>Anna 2018</b>   |  |                                |  |
|--|--|--------------------------------|--|
| <b>Inntekter<br/>Faktiske (f)<br/>Stipulerte (s)</b>       | <b>Diverse<br/>Utgifter<br/>Faktiske (f)<br/>Stipulerte (s)</b>                            | <b>Sum</b>                     | <b>Merknad/ansvar</b>  |
| Økonomisk status pr. 31.12.2017<br>+ <b>kr. 43 152 (f)</b> | <b>Årsmøte</b>   | Kr. 1 000 (s)                  | Eva Almhjell   |
| Inntekter<br>Kr. 16 000<br>Medlemspengar (s)               | <b>Årshefte 2018</b> – 1. opplag,<br>2. opplag   | Kr. 9 125 (f)<br>Kr. 2 879 (f) | Eva Almhjell   |
|  | <b>OLAV SLETTO-DAGEN 2018</b><br>Honorar, transport, kost og hus, kunstnarleg innslag m.v. | Kr. 50 000 (s)                 | Utkast til program, sjå vedlegg. Merk: Det kan koma endringar. |
| <b>Kr. 59 152 (f+s)</b>                                    |  | <b>Kr. 60 125</b>              |  |
| <b>Samla søknadsum 2018: Kr. 140 000</b>                   |  |                                |  |
| <b>SØKNADSSUM ÅL KOMMUNE KR. 15000.-</b>                   |  |                                |  |